

**Merknad til sak PS 99/19 Meland journaldatert 6 Mai.**

**Temarevisjon av kommuneplanen sin arealdel for Meland kommune**

Viser til Plan og Bygningslovas § 11-14, og fremmer med dette innsigelse til kommuneplanens arealdel.

Bakgrunn: Konsekvensutgreiingar for rullering kommuneplanens arealdel på tema Meland kommune- pkt 3.5 ( og sammenheng med pkt 3.4 ) side 95- 100 som omhandlar aktuelle område.

Følgande faktorer ligg til grunn for innsigelse mot å endre aktuelle område som i dag er sett av til bruk og vern av sjø og vassdrag, med kombinerte underformål i ferdsel, fiske, natur og friluftsliv (FFNF).

Arealbruksendringar som akvakulturformål mellom Dalemarka- Trollhola og Holmeknappen oppfattes som sjølvmotsegjande av Meland Kommune på bakgrunn av ;

- Settefylkesmannen i Sogn og Fjordane gjorde den 15.03.2017 om vedtaket til Meland Kommune dagsett 05.09.2016 i sak 58/2016 og det vart **ikkje gjeve dispensasjon** til flytting av akvakulturanlegg frå Laksevika til Trollhola.  
Viser til vedlegg- det er ingen forskjell i situasjonen med tanke på alle ulempene settefylkesmannen viste til - desse gjeldt i høgste grad i dag, og me opprettheldt innsigelsen.
- Meland Kommune sin nye KU som skal vera overordna for den nye kommuneplanen er etter vår meining i diametral kontrast i forhold til Fylkesmannen i S&F- sine vurderingar i brev av 15.03.2017. Det er med undring at me ser at uttalen frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane som då var tillagt stor vekt ikkje har same betydning i dag- **Meland Kommune fekk jo avslag !**
- I mellomtida har oppdrettsanlegget i Laksevika teke ut sak mot Forsvaret, og tapt der og, samt i høgsterett. De kan umulig sjå bort ifrå dette når de skal avgjera plan for aktuelle område.
- Me byr dykk vurdere risikoen for negativ påverknad av det samla fjordsystemet: Fylkesmannen i Hordaland har allereie varsla at terskelfjordane i Nordhordland er overbelasta. Ein må også nemna raudlisteartar, hjorten si rute, villaksen si rute. Inntil 1,8 årsverk arbeidsplass er slik me ser det ikkje bærekraftig utvikling for Kommunen når over 70 husstander ville måtte risikere betydelige ulemper i lokalmiljøet.
- Me registrer også denne gongen at Meland Kommune sender denne høringa ut til eit fåtall- heilt likt sist gong- Dalemarka Velforening har heller ikkje denne gongen blitt varsla for eksempel – planlegginga skal sikre openheit og medverknad for alle råka interesser.

Ole Harald Johansen

Anne Kristine Jordal, Dalemarka 117